



Saksbehandler: Olav Fykse Tveit/Liv Janne Dehlin

Referanser:

MKR 17/04
MKR/AU 34/04
MKR/AU 03/05

Saksdokumenter

Samarbeidsavtale med ELCSA (Evangelical Lutheran Church of Southern Africa (*tidl. utsendt*)

Rapport frå besøk til Den evangelisk-lutherske kyrkja i Sør-Afrika (ELCSA) 02.-09.12.04 fra Olav Fykse Tveit (*tidl. utsendt*)

Samarbeidsavtale med ELCSA (Evangelical Lutheran Church of Southern Africa)

Sammendrag

Vi sier til tidligere sakspapirer i denne saken.

Vedlagt følger samarbeidsavtalen med ELCSA som nå er godkjent av den sør-afrikanske kirken. Det Norske Misjonsselskap og Kirkens Nødhjelp som også skal underskrive avtalen, har sluttet seg til innholdet i den.

Avtalen vil bli underskrevet den 31. oktober i Sør-Afrika. Biskop Ernst Baasland og generalsekretæren vil representere Den norske kirke. Her i Norge vil den bli underskrevet under Kirkemøtet i november i år.

Forslag til vedtak

Mellomkirkelig råd gir sin tilslutning til den endelige samarbeidsavtalen med ELCSA.

RAPPORT FRÅ BESØK TIL DEN EVANGELISK-LUTHERSKE KYRKJA I SØR-AFRIKA (ELCSA) 02.-09. DESEMBER 2004

v/generalsekretær Olav Fykse Tveit

1. Formål og bakgrunn

Den norske kyrkja har sidan 1844 og Schreuder sitt misjonsarbeid overfor zuluane hatt eit nært forhold til Sør-Afrika si historie. Det gjeld både kyrkjhistorie og politisk historie. Det er mange kapittel med ulikt innhald. Samla sett er det ei historie som bind saman, og ikkje minst til den lutherske kyrkja i Sør-Afrika (som i hovudsak vart samla i ELCSA i 1975). For MKR har engasjementet vore særleg knytt til antiapartheidsrørsla frå Beyers Naudé sitt besøk i 1971 til valet i 1994 og litt etterdønningar etter det.

Sidan NMS i 1997 vedtok å avslutte sitt engasjement i Sør-Afrika og det vart skrive til partnaren der at MKR skulle ha ansvar (hovudansvar eller medansvar) for kontakten med ELCSA vidare, har det frå tid til annan vore snakk om å etablere ein fast, avtalefesta kontakt med denne kyrkja. Det har vore registrert at fleire i ELCSA var vonbrotne over at Den norske kyrkja berre trakk seg ut av samarbeidet etter alle desse åra. Betydde ikkje felles historie noko? Ekkoet av dette nådde også meg som ny generalsekretær i MKR.

I desember 2003 fekk NMS og MKR besøk frå ELCSA, sekretær Mkkhati frå bispekontoret på Umpumulo (for det sør-østre bispedømmet i KwaZulu-Natal – det gamle Zululand) og den engasjerte lekmannen Msumo frå same stad. Etter det vart det kontakt med preses Sibiya pr brev, og han signaliserte at han gjerne ville etablere eit partnarskap med Dnk på bakgrunn av den lange felles historia vi har hatt. MKRs generalsekretær sende signal attende – på bakgrunn av drøfting i MKR mars 2004 - at det har vi også drøfta og vore positive til. Då biskop Sibiya var i Norge i oktober 2004 fekk vi ein lengre samtale på mitt kontor om fortid og framtid med generalsekretær Aano i NMS til stades. Vi drøfta utkast til ein samarbeidsavtale som var nokolunde parallel til avtalen med IECLB i Brasil. Vi understreka frå begge hald at det kan og bør handle om noko nytt som ikkje handlar om pengetransaksjonar og misjonærutsendingar.

MKR og NMS vart inviterte til å delta på ELCSA sitt General Assembly i Johannesburg i desember 2004 for å kome vidare med dette og for å utdjupe kontakten, eventuelt signere ein avtale. Det siste vart ikkje realistisk, då korkje NMS eller MKR fekk høve til å drøfte dette i styrande organ i rett tid og på tilstrekkeleg vis. Heller ikkje ELCSA hadde fått drøfta dette ordentleg. Men vi (Kjetil Aano og Anne Karin Kristensen frå NMS, eg frå MKR) reiste og fekk sagt med ord (vi fekk begge helse synoden den siste dagen) og handling at vi meiner alvor med å finne former for samarbeid og partnarskap vidare. Det vart forstått og godt motteke, og uttrykt eksplisitt ønskje om fornying av partnarskap med Dnk – i orda frå preses og frå salen på synoden.

2. UMPUMULO – Eit symbol og eit teikn på Sør-Afrika i dag

Umpumulo kan stå som overskrift over det eg såg og tenkte i møte med ELCSA og Sør-Afrika denne gongen. Umpumulo er den fyrste misjonsstasjonen Schreuder bygde. I 1850 fekk han eit større område av dronning Victoria eit stykke inn frå kysten frå dagens Durban. Den britiske kolonimakta som han ikkje ville identifisere seg med, gav han eit haldepunkt her, rett utanfor grensene til det Zululand han ville bringe det gode bodskap til, men der den sterke og sjølvstendige kongen ikkje ville la han etablere seg så fast. Reisa til Sør-Afrika og den ueigennytige innsatsen til Schreuder – utan tanke på å erobre eller utnytte nokon økonomisk - er på mange vis starten på det norske utanriksengasjement som har fått overskriftene misjon, bistand, Nord-Sør-politikk, u-landsinformasjon og økumenisk engasjement.

På Schreuder sin gravstad på Umpumanjili står Matt 10,7 på zulu: "Overalt der de kjem, skal de forkynne at himmelriket er nær!" Det glade bodskap om Guds kjærleik og nådige nærvær mellom menneske skal gjerast kjent mellom menneske i ord og handling (som dei følgjande versa i Matt 10 uttrykkjer). Sjølv når det vart vesentleg å skilje bistand og misjon var eposet frå Schreuder framleis levande: Engasjementet for menneske i andre delar av verda utan at vi skal tene på det. Då Schreuder reiste i 1844 kom han ikkje frå eit rikt Norge som hadde mykje å sende eller dele.

Umpumulo har vore presteskule, bemanna av mange nordmenn. Generalsekretær Noko (LVF), biskop Sibiya og Moyo (LUCSA-leiar) er Lisleruds studentar, og mange talte varmt om han og mange andre nordmenn sin innsats der. No er landsbygda Umpumulo for avsides, presteseminaret er lagt til naboeigendomen til universitetet i Natal i Pietermaritzburg. Husa sto tomme og trengte våling, og NMS og MKR (gjennom OFV-midlar) løvvde litt til det. Formål: Ny bruk av lokala som ungdomssenter. I det siste har aidsrådgjeving vorte ein hovuddel av programmet der, saman med kurs, leiarar etc. No arbeider LUCSA (LVF i det sørlege Afrika) saman med lokale krefter på Umpumulo med å lage eit konsept med Internett-huts som kan kombinere opplæring om aids og bruk av Internett. Lokale skular er begeistra og vil samarbeide.

Umpumulo har også eit sjukehus der mange frå NMS har arbeidd. No er det statleg drive. Men sidan denne provinsen er mellom dei som er hardast ramma av hiv/aids, er mest alle pasientane der ramma av dette. Sjukehuset har høg standard, med kubanske legar (det er legemangel i Sør-Afrika).

Umpumulo er bispesete for det sør-østlege bispedømmet, med kontor og svær møtehall. Ei kyrkje som ELCSA er samansett av regionar med impulsar frå ulike hald. Det høgkyrkjelege draget over bispekontoret og over gudstenesta i domkyrkja på Umpumulo var påfallande. Det er vel ikkje mest norske impulsar bak det, sjølv om både Schreuder og Lislerud la stor vekt på bispeembetet.

Gudstenesta på Umpumulo var gripande, stilfull og livleg med full kyrkje med barn, ungdom, mange modne menn og mange kvinner med sine uniformer for kvinnearbeidet. Dei er sterke lekkvinner og driv diakoni- og barnearbeidet med stødig hand. Men det r få middelaldrande. Mange av dei er døde av aids. Vi møtte eitt av barna til Margaretha, masterstudent på Misjonshøgskulen, som har adoptert ein søskenflokk på 8 fordi foreldra er døde. Umpumulo viser landsbygda i Sør-Afrika sin kamp for å få ungdomen til å ta tak i livet sitt, sjølv om det er lite arbeid å få, og mykje sjukdom.

Den lutherske kyrkja strevar med å finne sin plass i det nye Sør-Afrika, ikkje minst i det offentlege livet. Medan vi var der, høyрte vi om biskop Tutus krasse kritikk av president Mbeki og hans regjering for å ikkje løyse hiv/aids-problema betre og for å ikkje gripe sterke inn mot fattigdomen i landet. Den lutherske kyrkja har ingen slike personar å fronte i media og kjem ikkje opp på media sin agenda så mykje at journalistar møter på Kyrkjemøtet deira. Eitt luthersk medlem av parlamentet kom etter at alle lutherske medlemer var inviterte. Kyrkja vedtok å gå tydlegare inn i relasjonen til desse parlamentarikarane for å gjere si røyst gjeldande. Sibiya anerkjente MKR sin innsats under apartheidtida, roste den, og erkjente at dei hadde ikkje alle vore like sterke og aktive i den lutherske kyrkja sjølv om dei forakta det gamle regimets lover og handlingar.

3. Avtale om samarbeid og partnarskap

Avtaleteksten vart justert rett før vi reiste, og NMS gav signal om det vi no har, er ganske akseptabelt. Sibiya sa at deira spørsmål var "når nordmennene ville kome attende". Han ventar på ny generalsekretær i sentralleiinga i Johannesburg som kan ta seg av slike saker som dette. Men han er glad for det som står der, og vil gjerne at vi utviklar kontaktar med fleire bispedømme, med presteseminaret (som TF og MHS alt har), med ulike grupper og kyrkjelydar. Vi har felles forståing av at det handlar om å skape noko gjensidig. Han er positiv til NMS sine bidrag med kurs i leiar- og organisasjonsutvikling, og vil gjerne at vi vedtek faste kyrkjeleiarmøte.

Dette avtaleprosjektet må eigast av begge partar. Difor var denne reisa viktig, ikkje minst at vi fekk drøfta det med folk på synoden. Det er viktig at vi som MKR samarbeider med våre partnarar i Norge om oppfølging i form av reiser, kontaktar, profil og mål. Vi opplever at mange ting legg seg til rette for det, m.a. har KN også planlagt å støtte Hamar domprosti sitt ønske om å ha fast kontakt til Sør-Afrika.

4. Oppfølging

Konkret oppfølging av besøket blir å

- a. ha møte med NMS om relasjonane MKR/NMS i dette samarbeidet (AU 21.01.05)
- b. justere avtaleteksten ved eventuelle forslag og legge den fram på mai-møtet i MKR til vedtak
- c. drøfte med KN og TF korleis dei skal vere relaterte til avtalen
- d. drøfte med KN spesielt om deira støtte til venskapsrelasjonar til ELCSA
- e. drøfte med Oslo og Sør-Hålogaland bispedømme om deira engasjement skal koplast på dette avtaleverket
- f. invitere til KM 2005 og planlegge deltaking på ELCSA sitt 30-årsjubileum 31. oktober 2005 (med underskriving av avtalen der også)
- g. planlegge seminar om religion i det sivile samfunn (med Sør-Afrikas ambassade i Oslo)
- h. drøfte KUI si rolle i kontakten med ELCSA
- i. etablere kontakt med nyvalt generalsekretær i ELCSA.

Oslo, 15. januar 2005

Communion in Faith, Life and Witness

Partnership Agreement between the Evangelical Lutheran Church of Southern Africa (ELCSA) and the Church of Norway (CoN) in cooperation with the Norwegian Missionary Society (NMS) and Norwegian Church Aid (NCA)

1. Our common basis and calling

The Evangelical Lutheran Church of Southern Africa (ELCSA) and the Church of Norway (CoN) confess our common faith in the triune God, and believe that we through our common baptism belong to the one, holy, apostolic and catholic Church.

We confess together that the Gospel of Jesus Christ, as found in Holy Scripture and as interpreted and confessed in the ecumenical creeds and the Lutheran Confession, is the power of God that creates, equips and sustains us for faithful participation in God's mission in the world.

As members of the Lutheran World Federation (LWF), we are in communion, sharing Word and sacraments and recognizing one another's ministries. As members of the (LWF) and the World Council of Churches (WCC) we affirm our common calling and commitment to unity in faith, life and witness with all the member churches of these bodies, locally, nationally, regionally and globally. We invite our partners to share - as far as they can - the communion we have with other churches.

In our communion we are bound together to explore, extend and deepen our communion. In mutual accountability we will practice mutual sharing, support, admonition and critique, as we seek together to understand and respond to God's call.

2. Our common history

We acknowledge that the ELCSA and the CoN through the NMS have built a historical relationship through longstanding missionary and church cooperation since the first missionaries arrived in South Africa in 1844. We thank God for what has been granted to our churches through this relationship, by sharing of the Gospel, through the mutual sharing of spiritual gifts, through the longstanding encounters and through the sharing of our human resources. We also acknowledge the involvement of the CoN in the ecumenical struggle against racism and the apartheid regime as an important part of our common history. Other partners of our churches have also established cooperation and exchanged resources, like the Norwegian Church Aid, theological faculties and some of our dioceses. This history of our churches is intertwined in a way that has a deep impact on our churches. This inspires us to a further common involvement in the life of one another, in order to encourage one another to fulfill our calling to share the Gospel in word and deed, each in our place and together in our common world.

3. Our common commitment

We commit ourselves to deepen and develop our mutual relationship through:

- Mutual sharing of concerns and mutual intercessions, e.g. through the different mass media tools of the partners,
- Exploring possibilities for some joint ventures in fields like theological studies, mission, local, national and world wide ecumenism, and initiatives for justice, peace and integrity of creation,
- Sharing information with the membership of our respective churches, the wider Lutheran communion as well as with our national and regional ecumenical partners, e.g. through our information networks,
- Holding common church leader meetings on themes of common concern at a regular basis, e.g. every four years,
- Inviting representatives from one another's churches in different positions and with a variety of responsibilities to visit and participate in the life of the other church,
- Establish or acknowledge agreements on specific programs, in cooperation with partners in both churches.

4. Common implementation and evaluation

This agreement is a platform for different efforts undertaken by the partners. Each church will implement the platform according to the regulations of the churches in work and the capacities available for this pursuit. Eight years after the signing church leaders from our churches and leaders from the NMS and the NCA will gather to evaluate whether the formulations of our agreement need to be revised. There might be other specific agreements on particular projects between different partners in our churches from time to time. The agreements or covenants attached to this agreement are to be revised or rescinded according to the terms of references agreed in each one of them.

Johannesburg/Lillehammer:

Date

For the ELCSEA:

For the Church of Norway:

For the NMS as co-partner in this partnership:

For the NCA as co-partner in this partnership:

In the presence of the General Secretary of LWF: